

# Notat til møte i regionalt planforum 24.01.2017. Nord-Fron kommune, Detaljreguleringsplan for ny tilkomstveg til Sundheim Bo- og Treningsssenter m.m.

Oppstart av planarbeid vart varsla 20.11.2014. Planarbeidet blir utført av Nord-Fron kommune, med innleigd konsulenthjelp frå Areal + AS til plankart og vegplanlegging.

Forslaget til reguleringsplan har som formål å regulere ny (etablert) tilkomstveg til Sundheim Bo- og Treningsssenter, samt å finne tilfredsstillande løysingar for mjuke trafikkantar på strekninga Sundheim – Sundbrua – Vinstra vdg. skule – rundkøyringa ved Dokken Bil AS. I tillegg er utviding av kyrkjegarden ved Sødorp kyrkje omfatta av planarbeidet. Både tilkomstveg og utviding av kyrkjegarden er i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

Det er likevel foreslått nokre endringar i høve til arealdelen av kommuneplan, m.a. er forretningsareal teke ut og erstatta med boligformål. I tillegg er det foreslått å utvide areal vist med boligformål sør i planområdet på areal avsett til LNFR i arealdelen av kommuneplan. Det er i fyrste rekkje desse endringane ein ønskjer å drøfte i regionalt planforum, i tillegg til vegløysinga.

## Til drøfting:

- **Nye område for bustadar**

Ein legg i planforslaget opp til ei fortetting av bustadar i området nedanfor Sundheimsvegen, delvis på areal som er avsett til forretning i kommuneplanen sin arealdel. Areala det gjeld er avgrensa, men ettersom området ligg sentralt i høve til ulike sentrumsfunksjonar ønskjer ein å kunne tillate konsentrert utbygging. Eit spørsmål er m.a. tillatt høgde på bebyggelse, i høve til landskapsverknad.

- **Givra**

Det er lagt inn ei sikringssone for å omsynssta flaum i Givra. Breidde på nemnde omsynssone er 40 meter, sjølv om det m.a. utifrå terrenget i området truleg kunne vore smalare enkelte stadar. Synspunkt på dette.

- **Støy**

Delar av arealet som er avsett til bustadar har utfordringar i høve til støy. Det er utarbeida ei støyvurdering som gjev forslag til korleis dette kan løysast. Synspunkt på dette.

- **Vegløysingar**

For gang-/sykkeltrafikken er det valt ei løysing med fortau i forlenginga av etablert gang-/sykkelveg. Ein meiner vegløysinga som er vist i planforslaget både for biltrafikk og mjuke trafikkantar er tilfredsstillande, men tek gjerne i mot synspunkt, jf. at Statens vegvesen i sin merknad ved varsel om planstart ønskte dialog med kommunen før planforslaget blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Vedlagte dokument:

- Plankart som viser planforslaget
- Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel 2011-2022
- Støyanalyse

Vinstra 13.01.2017

Reidun Inger Tøfte  
planleggjar  
Nord-Fron kommune